



Arkivnr: 2015/66-11

Saksbehandlar: Eirik Knive

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		13.05.2015

Prioritering av to ekstra søknader om tilskot til statleg sikring av friluftsområder i Hordaland 2015 (kap. 1420 post 30)

Samandrag

Hordaland fylkeskommune har ansvar for vurdering og prioritering av saker om statleg sikring av friluftsområde. Sakene vert endeleg avgjort i Miljødirektoratet. Føremålet med ordninga er at friluftslivet skal styrkast som ein helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg fritidsaktivitet. Sikring av område for friluftsliv i nærområdet er eit viktig verkemiddel for å nå grupper som er lite aktive. I statsbudsjettet for 2015 under kap. 1420 post 30, statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, er det sett av kr 23,8 mill. til statleg sikring av friluftsområde. Miljødirektoratet si tilsegnspunkt er på kr. 55 mill. Innan fristen 15. januar 2015 kom det inn fire søknadar. Kultur- og ressursutvalet vedtok den 19.03.2015 prioritering av desse søknadane.

Etter dette er det kome inn ytterlegare 2 søknader som Miljødirektoratet i brev av 20.04.15 ber Hordaland fylkeskommune om vurdering av. Bergen og Omland friluftsråd søker om sikring av Stanghelle i Vaksdal kommune og Friluftsrådet Vest søker om sikring av Langøy i Fitjar kommune.

Årsaken til desse to nye søknadane er at desse friluftsområda er lagt ut for sal på den opne marknaden etter søknadsfristen for ordninga.

På grunn av korte tidsfristar har fylkesrådmannen sendt søknadane vidare med ei førebels tilråding til Miljødirektoratet i brev av 27.04.15. Miljødirektoratet sine føringar, regional kulturplan for Hordaland (2015-25) og kartlegginga/ verdsettinga av regionale friluftsområde i Hordaland frå 2008 ligg til grunn for vurderingane. Protokoll frå Kultur og ressursutvalet vert ettersendt.

Om Miljødirektoratet opnar for løpende sakshandsaming av søknader om statleg sikring av friluftsområder i 2015, ber fylkesrådmannen om mynde til å gje Miljødirektoratet innstilling om prioritering av innkomne søknadar ut året.

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune tilrar at Miljødirektoratet gjer vedtak om sikring av friluftsområde i følgjande prioriterte rekkefølge:
 1. Stanghelle, gnr.478, bnr.20 i Vaksdal kommune
 2. Langøy, gnr.19, bnr.1 i Fitjar kommune
2. Kultur- og ressursutvalet gjev fylkesrådmannen mynde til å gjere vedtak om innstilling til Miljødirektoratet i søknader om statleg sikring av friluftsområde for resten av 2015.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 30.04.2015

Om ordninga

Fylkesrådmannen vil i prinsippet stille seg kritisk til at tilskotsordningar vert opna for mottaking av søknadar etter søknadstid er gått ut. Fylkesrådmannen tilrar likevel å imøtekomm Miljødirektoratet sitt ønske om uttale frå fylkeskommunen på dei to aktuelle søknadane.

Miljødirektoratet forvaltar statlege økonomiske verkemidlar til sikring av område for friluftsliv.

Hovudføremålet er å sikre ålmenta tilgang til friluftsområde og friluftsopplevingar. Ordninga er eit viktig verkemiddel for å nå den overordna målsetjinga om å styrkja friluftslivet som ein helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg fritidsaktivitet. Areal vert først og fremst sikra gjennom bruk av plan- og bygningslova. Allemannsretten og friluftslova sitt vern gjer at det normalt ikkje skal vere naudsynt med offentleg rådvelde over arealet.

For regionale friluftslivsområde, der hovudtyngda av brukarane kjem/ventast å koma frå andre kommunar enn vertskommunen, kan staten medverka med inntil 100 % av sikringsutgiftene. For lokale friluftslivsområde, der brukarar i hovudsak kjem/ventast å koma frå vertskommunen, kan staten medverka med inntil 50 % av sikringsutgiftene.

Aktuelle søkjrarer er kommunar, fylkeskommunar og interkommunale friluftsråd. Innstillinga til Miljødirektoratet skal innehalda ei grunngjeven prioritering med utgangspunkt i eksisterande retningsliner og praksis. I Miljødepartementet sitt rundskriv T-1/14 (Statsbudsjettet kap. 1420 post 30) legg vekt på følgjande moment for prioriteringa i 2015: *Statlege midlar vil særleg bli prioriterte ved sikring av areal i nærleiken av bustadområde som kan næast utan bruk av bil eller båt. Område som kan brukast av store folkegrupper, som til dømes allment tilgjengeleg grønstruktur i og ved byar og tettstader, er særleg prioriterte. Landfaste område i kystsona og sentrale område ved innlandsvassdrag har også høg prioritet, under dette området eigna for fritidsfiske. Søknader som er prioriterte i ein kommunal plan etter plan- og bygningslova vil bli prioriterte. Dette aukar sjansane for at ulike interesser er ivaretakne og at sikring av friluftslivsområde skjer som ledd i ein plan for utvikling av friluftslivtilbodet i kommunen, og at ein regional eller nasjonal samanheng er vurdert. Ordninga rettar seg særleg mot areal som blir/vil bli intensivt nytta, og som bør leggjast til rette for friluftslivsføremål. Sikring av område for friluftsliv skal ikkje vere ein erstatning for ivaretaking av friluftsliv gjennom kommunale arealplanar, men vere eit supplement til slike planar.*

Regionale planar og prioriteringar

I regional kulturplan for Hordaland (2015 – 2025) under pkt. 4.9 står det:

Visjonen for fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er Aktiv Kvar Dag. Målet er at alle skal kunne vere aktive etter eigne ønskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur. I regional kulturplan under pkt. 5.9 «Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv», er det følgjande mål:

1. Fleire skal delta i friluftsliv på jamn og varig basis, med særleg fokus på barn og ungdom.
2. Sikre og legge til rette fleire og betre anlegg for friluftsliv. Alle tettstader og byar skal ha maksimalt 500 meter til nærmeste turløype.

Hordaland fylkeskommune gjennomførte i 2008 prosjektet "Kartlegging og verdsetting av regionale friluftsområde i Hordaland". Dokumentet er ikkje juridisk bindande, men har som hovudføremål å vera ein reiskap for kommunar og regionale styresmakter i arealplanlegging, arealforvaltning og sakshandsaming. Arbeidet som er utført er ein gjennomgang av utmarksområda i fylket for å kartleggja viktige funksjonar og bruk for friluftslivet. Omsatt til kategoriane i kommuneplanen vil det sei at det er F delen i LNF- områda som er nærmere omtala. Det er nytta eit system for verdsetting basert på metodikk utvikla av Miljødirektoratet, tilpassa regionalt nivå. Kvar av dei kartlagde friluftsområda er vurdert slik at dei står fram med ein totalverdi etter følgjande gradering:

- a. Svært viktig friluftsområde der det ikkje bør skje inngrep eller utbygging.
- b. Viktig friluftsområde der det ikkje bør skje inngrep som fører til at funksjonen som friluftsområde vert forringa.
- c. Registrert friluftsområde der delar kan omdisponerast eller fortettast etter grundige vurderingar av rekreasjonsverdiane.

Miljødirektoratet starta i 2014 prosjektet kartlegging og verdsetting av friluftsområder. Dette er eit tiltak som er forankra i Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv (2014-2020), Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2014-2020), Regional plan for folkehelse (2014-2025) og regional kulturplan (2015 – 2025). Dette arbeidet skal bidra til at kommunane identifiserer, utviklar og ivaretak areal

for friluftsliv. Det er eit særskilt fokus på tettstad- og bynære friluftsområder som er særleg viktige element i folkehelsearbeidet. Målet er at alle kommunar i Hordaland skal ha kartlagt og verdsatt sine viktigaste friluftslivsområder innan 2018, då denne kartlegginga vert ein føresetnad for å kunne søke om statlege midlar til friluftsområder.

I Hordaland ligg 76% av alle statleg sikra områder utanfor tettstader. Areal i nærleiken av bustadområde som kan nåast utan bruk av bil eller båt, og som kan brukast av store folkegrupper i og ved byar og tettstadar vert prioritert. Det vert og landfaste område i kystsona og sentrale område ved innlandsvassdrag eigna for fritidsfiske. Ordninga rettar seg særleg mot areal som blir eller vil bli intensivt nytt og som det bør leggjast til rette for friluftsføremål. Grøne korridorar og ferdsselsårer til friluftslivsområde er viktige for å auke bruk av eksisterande områder. Sikring av område for friluftsliv skal ikkje vere ein erstatning for ivaretaking av friluftsliv gjennom kommunale arealplanar, men vere eit supplement til slike planar.

Søknadar for 2015

I statsbudsjettet for 2015 under kap. 1420 post 30, statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, er det sett av kr 23,8 mill. til statleg sikring av friluftsområde. Miljødirektoratet si tilsegnsplass er på kr 55 mill. Innan fristen 15. januar 2015 kom det inn fire godkjente søknader. Kultur- og ressursutvalet vedtok den 19.03.2015 prioritering av desse søknadane. Etter dette er det kome inn ytterlegare 2 søknader som Miljødirektoratet i brev av 20.04.15 ber Hordaland fylkeskommune om vurdering av. Bergen og Omland friluftsråd søker om sikring av Stanghelle i Vaksdal kommune og Friluftsrådet Vest søker om sikring av Langøy i Fitjar kommune. Årsaken til desse to nye søknadane er at desse friluftsområda er lagt ut for sal på den opne marknaden etter søknadsfristen for ordninga.

På grunn av korte tidsfristar har fylkesrådmannen sendt søknadane vidare med ei førebels tilråding til Miljødirektoratet i brev av 27.04.15. Miljødirektoratet sine føringar, regional kulturplan for Hordaland (2015-25) og kartlegginga/ verdsettinga av regionale friluftsområde i Hordaland frå 2008 ligg til grunn for vurderingane. Protokoll frå Kultur og ressursutvalet vert ettersendt.

Omsynet til folkehelse er ein viktig premiss for ordninga og gjennomgåande omsyn ved prioriteringa. Areal i nærleiken av bustadområde som kan nåast utan bruk av bil eller båt, og som kan brukast av store folkegrupper i og ved byar og tettstadar vert prioritert. Landfaste område i kystsona og sentrale område ved innlandsvassdrag eigna for fritidsfiske har også prioritert. Ordninga rettar seg særleg mot areal som bli eller vil bli intensivt nytt og som bør leggjast til rette for friluftsføremål. Grøne korridorar og ferdsselsårer til friluftslivsområde er høgt prioritert. I tillegg er det viktig at tilgangen til friluftsliv og bruken av statlege midlar for å oppnå dette vert fordelt geografisk rettvist. Sikring av område for friluftsliv skal ikkje vere ein erstatning for ivaretaking av friluftsliv gjennom kommunale arealplanar, men vere eit supplement til slike planar.

Begge søknadane fyller vilkåra for statleg sikring. Søknadane gjeld kjøp/tilrettelegging av areal som vert vurdert som viktige regionale friluftsområde. Bergen og Omland Friluftsråd og Friluftsrådet Vest har høg kompetanse og gjer ein god jobb både i samband med sikring og forvalting av områda. Det kan difor leggjast til grunn at dei føremål og tiltak som er skildra vil verte ivaretake på ein god måte.

Dette er særslig sentralt i søknaden om Langøy, som har viktige naturtyper som må haldast i hevd for å kunne oppretthalda og auke naturverdien i området. Hordaland fylkeskommune vil tilrå at begge søknadane vert innfridd fullt ut. Under følgjer ei kortfatta skildring og vurdering av søknadane.

Fylkesmannen i Hordaland vart bedt om eit utsegn om sikring av Langøy. Fylkesmannen støttar søknaden frå Friluftsrådet Vest om sikring av Langøy. Dette grunngav fylkesmannen med at området er registrert med kystlynghei med b-verdi i Naturbase.no som viktig naturtype. Samstundes legg fylkesmannen i Hordaland vekt på at det vil vere bra for naturtypen på Langøy med ein skjøtsel som Friluftsrådet Vest kan tilby, og meiner det og kan auka verdien på området.

1. Stanghelle

Bergen og Omland Friluftsråd søker om kr. 502 000 til statleg sikring av området Stanghelle gnr.478, bnr.20 i Vaksdal kommune. Søknaden gjeld statleg erverv inntil 100% (regional tyding) og vert søkt gjennomført ved inngåing av minnelig avtale. Dagens eigedomstilhøve til området er privat.

Området Stanghelle er ein tettstad i Vaksdal som ligg ved fjorden og Dalevassdraget renn forbi.

Grunngjeving for statleg sikring av området er eit ønskje frå Bergen og Omland friluftsråd om å leggja til rette for ein utstyrssbase for ålmenta med kajakkar og småbåtar, med tilgang til vassdraget og fjorden på

Stanghelle. For å opprette utstyrbase er det behov for naust og parkeringsplass for bilar. Ønskjeleg tomt med tilhørende naust for dette tiltaket er no til sals på det opne marknaden. På nabotomta som er eigd av Vaksdal kommune, har allereie Bergen og Omland friluftsråd oppretta ei kajakk- og kanobryggje. Området kan lett nåast utan bil eller båt. Bergensbanen og E16 går heilt i nærleiken. Friluftsområdet på Stanghelle kan ved tilrettelegging få auka bruk frå barnehagar, skular, innbyggjarane i Vaksdal og frå heile Bergensregionen. I følgje søker er eigendommen utan heftingar. Søkar tek på seg det formelle ansvaret for drift/tilsyn av området.

I følgje søker er området eigna til:

- parkeringsplass i tilknyting til friluftsområde.
- båtfart og fiske i salt- og ferskvatn.
- turområde sommartid.
- bruk for personar med funksjonsnedsetjing.

Oversikt over forventa utgifter til sikring	Beløp
Grunnpris	480 000
Kart- og delingsforretning	0
Tinglysningsgebyr inkl. dokumentavgift	12 000
Informasjonstavle	10 000
Total kostnad	502 000
Søknadsbeløp	502 000

Fylkesrådmannen si vurdering

Hordaland fylkeskommune er samd i Bergen og Omland Friluftsråd si skildring og vurdering av behov for tilrettelegging på Stanghelle som eit regionalt friluftsområde. Tiltaket det er søkt om vil gje området kompletterande meirverdi i høve tiltaka som allereie er gjort i området. Området ligg nærmiljøet til mange ulike brukargrupper og ein kan lett kome seg dit med offentleg transport frå andre kommunar i regionen. Hordaland fylkeskommune tilrår at søknaden vert innfridd, og prioriterer søknaden som nummer ein.

2. Langøy

Friluftsrådet Vest søker om kr 2 500 000 til statleg sikring av områda Langøy gnr.19, bnr.1 i Fitjar kommune. Søknaden gjeld statleg erverv inntil 100% (regional tyding) og vert søkt gjennomført ved inngåing av minnelig avtale. Store delar av områda på Langøy er registrert som Kystlynghei i Naturbase.no. Lyngheia på Langøy står registrert som område med verdi B (viktig) i Naturbasen til Miljødirektoratet. Kystlyngheia på Langøy er avhengig av riktig og god skjøtsel for å ta vare på og auke sin naturverdi. Difor er det til ålmenta si interesse om Friluftsrådet Vest får forvaltingsansvaret.

Langøy ligg sentralt i Fitjarøyene som eit unikt og mykje brukt båtfartsområde for heile regionen. Det er ikkje er eit nærfiluftsområde. I følgje søker er eigendommen utan heftingar. Søkar tek på seg det formelle ansvaret for drift/tilsyn av området.

I følgje søker er området eigna til:

- bading og strandbaserte aktivitetar i saltvatn.
- båtfart og fiske i saltvatn.
- oppleveling av kulturverdiar.
- turmål og telting.

Oversikt over forventa utgifter til sikring	Beløp
Grunnpris	2 500 000
Kart- og delingsforretning	0
Tinglysningsgebyr inkl. dokumentavgift	0
Informasjonstavle	10 000
Salsomkostingar	76 256
Total kostnad	2 586 256
Søknadsbeløp	2 500 000

Fylkesrådmannen sin vurdering

Fylkesrådmannen legg til grunn søkar si skildring av natur- og friluftskvalitetane. Området ligg sentralt i Fitjarøyene og er i dag mykje nytta for tur- og båtfart. Langøy er ein unik plass for naturoppleving for heile regionen. Hordaland fylkeskommune støttar seg til utsegna til Fylkesmannen i Hordaland og rår til at det vert løyvd tilskot for å sikre Langøy. Søknaden vert prioritert som nummer to sidan det ikkje ligg i nærmiljøet.

Mynde til ev. løpende sakshandsaming

Om Miljødirektoratet opnar for løpende sakshandsaming av søknadar om statleg sikring av friluftsområder i 2015, ber fylkesrådmannen om mynde til å gje Miljødirektoratet innstilling om prioritering av innkomne søknadar ut året. Dette vart gjort i 2014 med særskilt god utteljing for Hordaland.